



Overgang

barnehage – barneskule



Ål kommune

September 2018

God samanheng i overgangen

Ål kommune har utarbeidd eigen overgangsplan, der overgangen barnehage til barneskule er ei av overgangane. Den gjeld alle barn i kommunen. For meir informasjon om overgangen, ta kontakt med aktuell barnehage/skule.

Hovudmål

Overgangsplanen skal sikre samanheng i læringsløpet til barn og unge i Ål kommune. Barn og unge med føresette skal føle seg trygg på at alle blir møtt av ein barnehage og skule som kjenner dei og legg til rette for tidleg innsats og ein god start.

Overgangsplanen skal sikre:

- Gode rutinar, lik praksis og systematisk samarbeid mellom einingane.
- Ein meningsfull samanheng i læringsløpet.
- Tidleg innsats for barn med særskilte behov.
- Ein trygg skulestart for barn som byrjar i 1.klasse og for dei føresette.

Barn med spesielle behov

For barn med spesielle behov startar førebuingane 2-3 år før overgangen for å sikre at tilhøva blir lagt til rette på best mogleg måte ved skulestart.

Barn med fleispråkleg bakgrunn

For barn med fleispråkleg bakgrunn har barnehagen ekstra merksemd kring språkutvikling og meistring hos barnet i samarbeid med føresette. Skulen har ekstra fokus kring dette i oppstart på skulen for å kartlegge det språklege nivået.



Årshjul

NÅR	TILTAK	ANSVAR
August	Oppstart for siste året i barnehagen før skulestart	
August/ september	<ul style="list-style-type: none"> Etablere gruppe for skulestartarar i barnehagen. 	Barnehagen
Oktober/ november	<ul style="list-style-type: none"> Felles foreldremøte for skulestartarar. 1.klasse besøker barnehagen. Foreldresamtale med føresette til skulestartarar. 	Oppvekstkontoret Skulen Barnehagen
1.desember	Siste frist for elektronisk innskriving til 1.klasse	Føresette
Januar/ februar	<ul style="list-style-type: none"> Informasjon om skulestartarar med spesielle behov. 	Barnehagen
1.mars	Siste frist for søkje om SFO-plass	Føresette
Mars/ april	<ul style="list-style-type: none"> Barnesamtale i barnehagen med skulestartarar. Oppstart individuell konsultasjon med skulestartarar og føresette på helsestasjonen. Siste individuelle foreldresamtale i barnehagen 	Barnehagen Helsestasjonen Barnehagen
Mai/juni	<ul style="list-style-type: none"> Overføringsmøte frå barnehagen til barneskulen. Skulestartarar møter faddergruppe. Foreldremøte for skulestartarar på skulen. Besøksdag på skulen for skulestartarar. 	Barnehagen Skulen Skulen Skulen
August	Oppstart i 1.klasse	
August	<ul style="list-style-type: none"> Velkomstbrev til 1.klassingen med invitasjon til fyrste skuledag og oppstartsperiode i 1.klasse 	Skulen
Oktober	<ul style="list-style-type: none"> Skulehelsetenesta besøker 1.klasse. 	Helsestasjonen
Januar	<ul style="list-style-type: none"> Attendemeldingsmøte til barnehagen om elevane i 1.klasse. 	Skulen



Kva kan du som føresett bidra med heime før skulestart:

- Prat og les mykje med barnet ditt.
- La barnet få erfaring med:
 - ✓ Kle på seg
 - ✓ Knyte skolisser, klippe, lime, teikne osv.
 - ✓ Pakke sekken sin og bære den sjølv
 - ✓ Kva trafikk og trafikkreglar er. Gå gjerne skulevegen fleire gonger og leik i skulegarden om de har moglegheit for det.
 - ✓ Treff barn i nærmiljøet som går på eller skal byrje på same skule
 - ✓ Få ansvar
 - ✓ Ta imot og utføre beskjedar
 - ✓ Gå aleine på toalett/reinslegheit
 - ✓ Gje barnet gode vanar ved matbordet
 - ✓ Halde orden og ta vare på sakene sine
 - ✓ Ta omsyn til andre / utsett eige behov og vente på tur
 - ✓ Spele og følgje reglar i spel og leik
 - ✓ Lær dei óg å bli ein «god tapar»

Din halding til skulen er viktig for at ditt barn skal trivast.



Kontaktinformasjon

	Oppvekstkantoret	32085000		
Torpo barnehage	32085455		Torpo skule	32085450
Nordbygdene barnehage	32085470		Leveld skule	32085460
Skattebøl barnehage	32085405		Skattebøl skule	32085410
Sundre barnehage	32085150		Nedre- Ål skule	32085415
Sando barnehage	32085465			

www.aal.kommune.no

